



Etter dei opprinnelege planane skulle supplybåten Siem Pilot vore overlevert frå Eidsvik Skipsbyggeri til Siem Meling Offshore i Stavanger i desse dagar. Men overleveringa vil ikkje skje før i andre halvdel av februar, opplyser dagleg leiar Svein Arne Eidsvik til Uskedalen.no.

Grunnen er at det blir gjennomført utstyrsmontering som har samanheng med båten si framtidige rolle i Brasil.

Det 88 meter lange skroget kom til Eidsvik midt i april ifjor etter å ha vorte slept frå Tyrkia i 24 døgn.

(Foto: OlaMatti Mathisen)